

Kategori: []	Gyldig fra/til: 30.04.2024/30.04.2025
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Ledelse og styringssystem	Versjon: 2.00
Godkjenner: Marta Ebbing	Mandat
Dok. ansvarlig: Hege Rob Moi	Dok.id: D72539

1. Formål .....	1
2. Hovudoppgåver .....	1
3. Samansetjing.....	2
4. Organisering.....	2
5. Referansar.....	2
6. Forankring.....	2
7. Endringar sidan førre versjon .....	2

## 1. Formål

Rådet skal være eit diskusjonsforum og gi råd til Føretaksleiinga og Porteføljestyret i strategiske saker knytt til IKT og teknologi, om prioritering av ressursar og i spørsmål om drift og utvikling innan IKT- og teknologiområdet i Helse Bergen, og skal samle deltakarene i styringsorgana i regional styringsstruktur for digitalisering, for koordinering og samordning.

Strategisk råd for IKT og teknologi i Helse Bergen skal i tillegg følgje opp mål og tiltak i Teknologidelplanen i Utviklingsplan 2035.

## 2. Hovudoppgåver

Rådet skal ha særskilt ansvar for å koordinere og samordne Helse Bergen sine prioriteringar inn mot regional styringsstruktur for digitalisering (Digitaliseringsstyret og Områdestyra), i tillegg til å sjå til at områda som er løfta fram i Teknologidelplanen blir godt tatt i vare i summen av tiltak og prosjekt som til ei kvar tid går føre seg i Helse Bergen.

Rådet skal stimulere til regionale initiativ og god samhandling som understøttar felles strategiar i Helse Vest.

Dette inneber:

- Følgje opp og forvalte Teknologidelplanen inklusive samanhengar med regional langtidsplan for IKT-området, regional digitaliseringsstrategi, og regionalt vegkart for digitalisering
- Føreslå tiltak ut frå gjeldande strategiar og planar
- Følgje opp aktivitetar i tråd med årshjulet for styring og prioritering av den strategiske prosjekt- og programportefølja (SPPS) i Helse Bergen
- Være saksførebuar og rådgjevande organ til Føretaksleiinga og Porteføljestyret i saker knytt til IKT og teknologi
- Synleggjere samanhengar og konsekvensar av slutningar gitt frå Digitaliseringsstyret, områdestyra og regionale systemeigarmøte med fleire, både når det gjeld drift, forvaltning og utvikling av den samla systemporteføljen i føretaksgruppa
- Bidra i førebuing av dialogmøter med Helse Vest IKT AS og andre viktige/strategiske samarbeidspartnarar
- Vere aktiv bidragsytar inn mot Digitaliseringsstyret, områdestyra og relevante aktivitetar på nasjonalt nivå

### 3. Samansetjing

- Eivind Hansen (administrerende direktør, eigar og leiar av rådet)
- Clara Gjesdal (ansvarleg for den strategiske prosjekt- og programportefølja (SPPS))
- Askjell Utaaker (systemeigar MTU, innkjøp/logistikk, bygg- og driftstekniske løysningar, deltakar i områdestyre for 'Infrastruktur for sykehusdrift')
- Ingrid Salvesen Haldorsen (systemeigar radiologi)
- Gunnar Mellgren (systemeigar laboratoriesystem)
- Hanne Klausen (systemeigar system for pre-hospital medisin, intensivmedisin, operasjonsplanlegging mv.)
- Marta Ebbing (systemeigar for klinisk IKT, deltakar i områdestyre for 'Pasientbehandling')
- Leiar, Klinisk fagråd for IKT
- Randi-Luise Møgster (representant for Divisjon psykisk helsevern)
- Kahtan Al-Azawy (representant for dei somatiske einingane)
- Kristin Pundsnes (systemeigar, økonomi og finans, deltakar i områdestyre for 'Økonomi og forsyning')
- Odd Andrew Storetvedt (systemeigar for personal og organisasjon, deltakar i områdestyre for 'Medarbeider, organisasjon, analyse, utdanning, kompetanse')
- Hege Rob Moi (seksjonsleiar E-helse, deltakar i områdestyre for 'Arkitektur- og datastyring')

Samansetjinga av rådet skal revurderast ved behov.

### 4. Organisering

Rådet møtest 4-6 gonger per år, koordinert med dei 4 årlege møta i Porteføljestyret i Helse Bergen, og om mogleg koordinert med møta i Digitaliseringsstyret og områdestyra.

Seksjon for e-helse har sekretariatsfunksjon.

### 5. Referansar

Interne referansar

[1.1.3.1-10](#)

[Klinisk fagråd for IKT - mandat og sammensetning](#)

Eksterne referansar

[2.16.3.8 Utviklingsplan 2035 Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF](#)

### 6. Forankring

Føretaksleiinga 22.06.2022, sak 22/114 B.

### 7. Endringar sidan førre versjon

Andre versjon, fremlagt for Strategisk råd 07.11.2023, sak 28/23 B. Endra namn på styringsorgan i samsvar med ny regional styringsstruktur for digitalisering, lagt til namn/funksjonar på nye medlem i rådet, og presisert rådets rolle inn mot regional styringsstruktur for digitalisering.